

15/2105
Ard
 arealplan

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
23. 10. 2015	
Art. nummer:	Løpnummer
Revisjon:	Tilgangskode

LINDÅS KOMMUNE
 KVERNHUSMYRANE 20
 5914 ISDALSTØ

Deres ref.:

Vår ref.: Ard11045

Bergen: 21.10.15

VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLANARBEID

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-8 vert det med dette varsla at det skal setjast i gong detaljregulering for Kvalen, Westland hotell, gnr. 108, bnr. 102, m. fl., i Lindås kommune.

Reguleringsplan:

Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande føresegner og planskildring som syner bruk, vern og utforming av areal. Ein reguleringsplan fastsett framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

Tiltakshavar og konsulent:

Westland hotell As er tiltakshavar.

Ard arealplan as og arkitekt Rune Urne er konsulentar for reguleringsplanarbeidet.

Planområdet:

Planområdet ligg ved tettstaden Lindås i Lindås kommune, om lag 27 km nord for Knarvik som er kommunesenteret. Området grensar til Fv 57 i nord og aust, til naturområde i vest og til bustader i sør. I gjeldande reguleringsplan som omfattar området, planid: 1263-1990001 Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad, endra, frå 2001, er området hovudsakleg regulert til hotell men noko areal er også regulert til bustad og offentleg bygg. Planområdet er på totalt 32,3 daa. Det vart hausten 2014 varsla oppstart av planid: 1263-201407 FV 57 gang/sykkelveg for Lindås tettstad - Mongstad av Statens vegvesen. Denne vil regulere veg og kryss forbi planområdet vårt.

Reguleringsplanen sitt føremål:

Føremålet med planen er å leggje til rette for ei vidareføring og utviding av eksisterande hotellbygg. Planen skal vidare leggje til rette for parkeringsplassar i skråning mot fylkesveg 57, Mongstadvegen. I samband med dette vil vegen inn i planområdet bli rusta opp.

Merknader til oppstartsmeldinga:

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den komande prosessen. Innspel eller merknader som angår løysingar eller gjeld særskilde behov kan sendast skriftleg til:

Ard arealplan as
Nygårdsgaten 114
5008 Bergen
e-post: post@ardarealplan.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknadar til Lindås kommune. Alle mottekne dokument, merknadar og liknande vert sendt Lindås kommune saman med planframlegget.

Merknadsfrist:

Frist for merknader er sett til **05.12.2015**.

Vidare saksgong:

Etter meldingsfristen vil sjølve planframlegget bli utarbeidd, og deretter sendt til Lindås kommune for sakshandsaming. Etter første gongs handsaming i planutvalet, vert planen sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker. Det vil då vere mogleg å komme med merknader til planframlegget før vidare politisk handsaming.

Med beste helsing



Hedvig G. Olsen

Hedvig Godvik Olsen
Landskapsarkitekt/planleggar
Ard arealplan as

Tlf: 55 31 95 00/46 41 98 15

Vedlegg: varslingskart og varslingsliste

KART OVER PLANOMRÅDET:



VARSLINGSLISTE

Naboar:

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Eigedomen sin adresse		
108	398		Gamle Prestavegen 1	5955	LINDÅS
108	1		Gamle Prestavegen 2	5955	LINDÅS
108	503		Gamle Prestavegen 5 A	5955	LINDÅS
108	514		Gamle Prestavegen 9 A	5955	LINDÅS
108	521		Gamle Prestavegen 11	5955	LINDÅS
108	279		Gamle Prestavegen 13	5955	LINDÅS
108	6		Gamle Prestavegen 15	5955	LINDÅS
108	610		Gamle Prestavegen 15	5955	LINDÅS
108	525		Gamle Prestavegen 20 A	5955	LINDÅS
108	64		Kvalen 15	5955	LINDÅS
108	513		Kvalen 16	5955	LINDÅS
108	554		Kvalen 20	5955	LINDÅS
108	511		Kvalen 22	5955	LINDÅS
108	1	36	Kvalen 24	5955	LINDÅS
108	102		Kvalen 30	5955	LINDÅS
108	1	48	Eigedomen har ikkje vegadresse	5955	LINDÅS
108	300		Eigedomen har ikkje vegadresse		
108	523		Eigedomen har ikkje vegadresse		
108	522		Eigedomen har ikkje vegadresse		
108	401		Eigedomen har ikkje vegadresse		
108	197		Eigedomen har ikkje vegadresse		
108	594		Eigedomen har ikkje vegadresse		
108	100		Eigedomen har ikkje vegadresse		
108	418		Eigedomen har ikkje vegadresse		
108	380		Eigedomen har ikkje vegadresse		
108	103		Eigedomen har ikkje vegadresse		
108	512		Eigedomen har ikkje vegadresse		
108	586		Eigedomen har ikkje vegadresse		
108	161		Eigedomen har ikkje vegadresse		
108	517		Eigedomen har ikkje vegadresse		

Andre:

LINDÅS KOMMUNE	KVERNHUSMYRANE 20	5914	ISDALSTØ
STATENS VEGVESEN REGION VEST	ASKEDALEN 4	6863	LEIKANGER
BKK NETT AS	POSTBOKS 7060	5020	BERGEN
FYLKESMANNEN I HORDLAND			
KOMMUNAL- OG SAMFUNNSPLANAVDELINGA	POSTBOKS 7310	5020	BERGEN
HORDALAND FYLKESKOMMUNE			
REGIONALAVDELINGA, PLANSEKSJONEN	POSTBOKS 7900	5020	BERGEN
NGIR	LINDÅSVEGEN 1260	5956	HUNDVIN